

**Notat**

Dato: 22.01.2018  
Arkivsak: 2018/320-5  
Saksbehandlar: annvedv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Løyvefritak for persontransport mot vederlag med personbil**

Den 17.11.2017 fastsette departementet rundskriv N-8/2017 – *Retningslinjer for løyvefritak etter yrkestransportloven § 21 - for transport knyttet til Inn på tunet-ordningen*. Den 20.11.2017 fastsette departementet rundskriv N-7/2017 – *Rundskriv – dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for småskala turistvirksomhet*.

Det er visse skilnader mellom løyvefritak for Inn på tunet-ordninga og for småskala turistverksemd, men hovudtrekka er dei same.

Fylkeskommunen kan etter retningslinjene innvilga løyvefritak til verksemdar som tilbyr Inn på tunet-tenester og til verksemdar som driv turistverksemd i småskala og som arrangerer ein fritidsaktivitet som t.d. guiding, sightseeing og andre opplevingsarrangement der det òg er turvande å tilby persontransport som ein tilknytt del av arrangementet. Løyvefritaket gjeld berre ved transport av eigne brukarar og kundar i tilknytning til sjølve tenesta/arrangementet og som er ein underordna del av dette.

Søklar må dokumentera at alle dei obligatoriske vilkåra som gjeld for løyve er oppfylte, med unntak av fagleg kompetanse/vitnemål frå løyvekurs. Søknaden skal innehalda konkret utgreiing om verksemda og transporten.

Verksemdar som allereie har turvognløyve eller drosjeløyve får ikkje løyvefritak. Fylkeskommunen skal ved kvar søknad vurdere konkurranseflaten mot eksisterande løyve på staden. Det skal gjennomførast eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på, kan verta utført ved bruk av eksisterande løyvehavarar for transportdelen.

Løyvefritak er eit unntak frå hovudregelen om løyveplikt. Samferdselsavdelinga har utarbeidd eit søknadsskjema og orientering om løyvefritak som ein finn på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Der finn ein òg lenke til dei respektive rundskriva.